Besøkssenter
Jostedalsbreen nasjonalpark

Oppstryn

Vårt klima- og miljøarbeid

Ved Jostedalsbreen Nasjonalparksenter har klima og miljø ein sentral plass, både hos leiinga, dei tilsette og i formidlinga til våre besøkande. Gjennom vår eigen klima- og miljøpolicy arbeider vi målretta mot ambisjonen om ei berekraftig og klimanøytral drift.

Vi ønskjer å bidra til utviklinga av eit grønt og framtidsretta lokalsamfunn og formidle kunnskap som inspirerer til klimaomstilling, auka miljømedvit og betre klimavanar.

Gjennom bevisste innkjøp, god avfallshandtering, ansvarleg ressursbruk og fokus på eit godt arbeidsmiljø arbeider vi kontinuerleg med å forbetre våre miljøprestasjonar.

Vi er særleg fornøgde med den positive utviklinga på fleire område:

- Vesentleg reduksjon i avfallsmengda dei siste åra.
- Auka andelen lokale og økologiske produkt i kafè.
- Redusert energiforbruk i perioden 2021–2024 *)
- Lågt sjukefråvær.

*) Det høge energiforbruket i 2025 skuldast ekstraordinært energibehov i samband med utbetringsarbeidet etter flaumen i 2024.

Vi skal vidareføre den positive utviklinga og arbeide for eit stadig betre klima- og miljøresultat.

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter

Oppstryn // 2026

Miljøfyrtårn®